

Arealplan

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 56 37 50 00 Telefaks 56 37 50 01
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Laila Bjørge

Dykkar ref.

Sakshandsamar:

Bjørge 210
5993 OSTEREIDET

2014/1601

Vår ref.
2012/2155 - 0 -
28551/2012

Telefon

Arkivkode:

Dato:

241/3

03.12.2012

*Delegert sak***Godkjenning av søknad om deling gbnr 241/3 Bjørge - to bustadtomter i LNF-spreidd****Dokument i saka:**

Søknad om delingsløyve stempla motteke 01.10.2012.

Saksopplysningar/vurdering:

Det er i delingssøknad stempla motteke 01.10.2012 søkt om deling av to einebustadtomter på gnr. 241 bnr. 3 på Bjørge. Arealet er skogkledd.

Planstatus/dispensasjonar:

For eigedommen gjeld reglane knytt til LNF – områda for spreidd bustadbygging. På denne staden opnar kommuneplanen for inntil einebustader i planperioden. Det er ikkje tidlegare gjeve løyve innanfor dette området på Bjørge. Eit vedtak om deling er difor ikkje avhengig av at det vert gjeve dispensasjon. Administrasjonen vil visa til kommuneplanen sine føresegnene knytt til LNF område for spreidd bustadbygging, jf. punkt 5.10 – 5.18, om kva som kan utviklast på tomtene og kva utnytingsgrad som er sett.

Avkøyring til offentleg veg:

Lindås kommune ved driftsavdelinga har i brev av 05.11.2012 gjeve forhandstilsegn for avkøyring for to nye bustadtomter på vilkår. Løyvet gjeld i tre år.

Utsleppsløyve.

Det er påreknelig at det etter søknad vil gjevast løyve til reinsing av utslepp frå planlagde to einebustader, med krav om høggradig kjemisk- og biologisk reinsing (minireinseanlegg, klasse 1). Dette må søkjast om seinast i samband med søknad om byggjeløyve for bustad.

Nabovarsel:

Det er ikkje kome merknad frå nokon naboar.

Uttaler/vedtak frå andre mynde:

Det er ikkje naudsynt å legge saka føre andre mynde, sidan delinga ikkje førar til endringar i allereie godkjent bruk av arealet, og sidan arealet ikkje ligg på dyrka eller dyrkbar jord.

VEDTAK:

Med heimel i Pbl 20-1, punkt m gjer Lindås kommune løyve til deling som omsøkt for to bustadtomter, og vist på kart stempla motteke 01.10.2012.

Det er eit vilkår at området må byggjast ut i samsvar med kommuneplanen som vart godkjent den 22.09.2011. Utbygging av avlaupsanlegg m.m. må skje etter godkjent løyve, jf. krav i forureiningslova om separate utslepp.

Grunngjeving for vedtaket:

Kommunen vurderer søknad om deling etter Pbl §20-1 og § 26-1.

"Eiendom må ikke deles ... på en slik måte at det oppstår forhold som strider mot denne lov, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikke må eiendom deles ... slik at det dannes tomter som etter kommunens skjønn er mindre vel skikket til bebyggelse på grunn av sin størrelse eller form".

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegnar gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Vi gjer merksam på at det kan hefte servituttar ved eigedommen som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i Plan- og bygningslova.

Delinga er i samsvar med kart stempla 01.10.2012.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med kartforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf Pbl §21-9.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen, vedteke av kommunestyret i Lindås Kommune den 08.12.2011 og gjeld frå 1.1.2012, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Søknad i uregulert område C.5.3.1A. bustadtomt kr 4.400,-

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Areal- og miljøavdelinga i høve til delegert mynde.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentlig forvaltning.

Klagefristen er 3 veker frå den dato du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal senast skriftleg. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing



Sveinung Toff
fagleiar arealplan

